

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 2.

Fylke: Møre & Romsdal.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Fre.

Emne: Transport av høy.

Bygdelag: Batnfjord.

Oppskr. av: Anton Lørdi,

Gard: Lørdi

(adresse): Tårset.

G.nr. 37. Br.nr. 1 og 3.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det vert stort sett brukt dei same måtar på større og mindre gardar, når det gjeld slått og transport av høy. No hev det minke noko med å slå i utmarki.

Og det kjem mest av skort på arbeids-
hjelp, og av at hjelpi er mykje dyrare enn
fyrr. Det vil ikkje løna seg. Dertil
kjem at folk hev dyrta upp mer av
heimemarki og får større avlingar der.

Då eg var ung (1880-1890) var det alle som
slo i utmarki ein fjortan dagar eller so
etter som vret var. Men endå er det mange
som slør noko i utmarki, serleg på mindre
gardar. Høyet fører dei heim etterkvart,
dersom slått er i nærleiken av garden.
Eller har dei utfloer ståande frå gamle dagar
som dei har høyet i og kjører eller drag det
heim på vinterføre. Dei som ikkje har hest
låner seg hest, eller dei drag det heim på
dragarvogn eller dragarstede (ei mindre
vogn eller stede).

2. Åa setja høyet i stakk i utmarki er av-
lagt no. Fyrr var det mykje brukt. No
hev dei det i utfloer eller høybær som

står att i marki frå gamle dagar.
 Dei ber, drag eller køyper høyet til
 búa - etter som berungit er til. Når
 grasit er slagt, (her brukar dei berre lang-
 tjå) so rakar dei det fram på ein slitt,
 open plass der soli slipp til og tørkar
 det. Når høyet so er tørt ber dei i búa
 det som er nærast. Dei kjemper det med
 riva, (ei kjembe, fungje, ca. 20 kg. høy) tite
 so kjemba på eine oksli og ber ho solis.
 Det høyet som er lengst frå búa køyper
 dei anten i vogn med høygrindar på eller
 på fremiside - etter som marki er til-
 stygg eller fin. Dei som ikkje har hest
 ber det i fog, kippband eller dei sloar
 det ned, dersom det er brattlindt.

Ei høybör i fog lagar dei so: Dei legg
 fogt på marki, kjemper so høyet i 3-
 4 kjembor (fungjer) og legg dei på fogt og
 gyrdet det ihop so mykje det går; so stikk
 ein armene under fogt, (som på ein rygg-
 sekk) tite böra på akslarne og ryggen
 medan ein held i endane på fogt fram-
 på bringa. På flat mark må ein ha hjelp
 til å reisa seg med böra; ho kan vera
 ein 50-60 kg. tung. Ein ^{annan} må då stå bak
 böra og letta i medan beraren reiser seg.

Til kippband tek ein ei lang büske,
 lagar (tenyter) ei lykete av grinnerne i
 grammenden. Legg bandet på marki, legg
 so høykjemborne på og stikk tjuktenden
 av bandet gjennom lyketeja og drag godt åt;
 tek so böra på ei oksli og ber ho til búa.
 Ein kan ikkje vera mer enn ca. 25 kg. slite.

Til sloe hogde ein sig eit langt, tyngt bre med mange greiner på. So kjimbede ein gras et eller høyet og la på sloa på marki, la mest fremst mot fjuktenden på treet og minst bakt mot toppen. På ei sloe künde ein leggja up til eit halvt hestelass (ca. 50-80 kg.) ein tok i fjuktenden på sloa og drog varsamt avstad for at ikkje gras et (høyet) skulde detta av.

Andre måtar å frakta gras og høyet på enn her er nemnd, hev ikkje vor bruket her so vidt og viit.

Både vaksne og born var med på slakten i utmarki. Borni bar mat, vate, se, tok upp etkar (det som lag att av høyet når karane tok høykjemba) og var med og snudde høyet når det lag til turke.

3. Dei køyde helst høyet heim frå bua på vinterføre. Men lag utmarki noko nær himegarden, so køyde dei det heim etterkvart, anten på langvogn med høggrindar på, um det var framkomande med vogn, eller på tumeislide. Dette var ein slide med fjukke meiar av tre uten skoring av jarn. Den var umlag 2 m. lang og 70 cm. breid. - Hadde dei ein dag meir turhøy enn dei vann å køyra det etterkvart, so lesste dei høyet på staur og køyde det so sidan når dei fekk tid. Dei hogde ein staur litt lengre enn sliden, la den på marki, la fett med lauvkvist oppå han, og so la dei høykjembone oppå der att. Det skulde vera 8-9 kjembor på eit lass (ca. 150 kg.) Når dei so skulde køyra heim desse lassi so


feste dei eit fangband (kort tau, ca. 2 m. l.) på kvar ende på staurun. So la dei ei høyfong oppå lasset og gyrdede nedåt på bae endane so mykje det gjekk. Deretter velta dei lasset på sida, sette sleden under og velta so lasset og sleden på rett kjøl att. So la dei eit par lauvbüskor på kvar side av lasset og sette so eit gyrdatog (reip) ikring både slide og lass og gyrdede godt åt. So künde dei køyra. Lauvbüskorne på lasset kalla dei for brøyved.


4. Til køyredoring i høyonna vert brükt støhjüla langvogn og fremislide. Vogna er 2½ m. lang og 80 cm. breid. Vi kallar den slavogn (ei). Hjütslide brükar vi ikkje. Skoning på miarne vert ikkje brükt på fremisleden (sommarleden), men på vinterleden (langleden, som vi kallar stongleden) vert brükt skoning på miarne. Langvogna vert brükt både til høy og kornkjöring. Då sett dei høygrindar på henne.


Desse grindane, som er so lange og breide som vogni og ca. 1½ m. høge, kom i brük her i 1890-åri, og sidan hu dei ikkje vore brigda. Dei er laga av frespilar i ei stjukkare ræme, og dei fire grindane på vogni er bündne saman i hyrana med snöre (tau).

Fyrr høygrindane kom i brük, la dei høykjimborne (fengjorne) på vogni (sleden), 9 kjimbor på kvart lass (ca. 200 kg.). Alle lassi var like og alt høy som lag igjen vart raket opp og like med (etkaret). Lasset vart fest til vogni med at dei la ei høyfong oppå, gyrdede det so framme og bak med fangbandi, la ei

lauvbúske (lauvved) på kvar side og sette so
eit reip (gyrdatoq) ikring det huile. Dette
heallar vi „á gjöle lasse“. Eit höyftong ser slik út:



I gyrdatoget (reipet) var det ei sterk
reiphugd (hovold?) Denne sag slik út: 

Reipet festa dii i krysset på hegda, og når
dii hadde „gjölt“ belá dii reipet på dii to
horni. Det var forsteijl på storleiken av
hegda på eit reip og eit byrdatoq. På det
siste var ho berre lita (halv storleik). På man-
ge gardar hadde dii ein hegdstake som dii
bøygde reiphugder på. Denne staken var sett
godt fast i jordi og sag slik út: 

Til hegdenne tok dii ein kvistfri staur av
hegg eller eine (sprake), vromde han over ein
eld og bøygde den rúndt staken. Når so
hegda var kald, sette dii ein klinkenagle
i krysset og batt so reipenden fast der.

Eit vinterlass höy var umlag ein halv
gong til so stort som eit sūmarlass.

Det vart alltid brúkt berre ein hest for
höylasset oon sūmaren.

5. Når nokon fekk slá i útmarki til ein
annan mann (slá til lottann), so delte dii
höyget slik at dii fekk eit lass kvar part.

Höyget kóyrde dii um vinteren etter vyár,
nár himnehöyget byrja minka i löda og det
solis vart plass til nytt höy. Telles kóyrde
kvar mann sitt höy nar det hövde dii best
og når snöfóret var laglegt. Ofte var dii
saman um á bróyfe på veg, når det var
flure som hadde höyget sitt på same kantun.

Dii fór dá fyrst nokre gonger med berre
hesten (lausreipa), og når det so var steg

og stopper i snøen, so tok dei langsleden
(stongsleden) og køyde høyet på.

6. Når det var fint føre og godt vær so var
det berre mors å køyra heim høyet frå
utslåttene. Då råka dei saman med andre
folk (køyrarar) og fekk prata, - og so fekk
dei nytt høy i loda til krøtera sine.

Dei som ikke hadde hest drog høyet
heim på dragarslide, - ein slide som var
noko mindre og lettare enn stongsleden
men med skoning under miane. -

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

adr. NORSK FOLKEMUSEUM

BYØDØY

404